

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 10.

Fylke: Rogaland

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Helleland.

Emne: Lynging og Mosing.

Bygdelag: Helleland.

Oppskr. av: Th. Hovland.

Gard: Hovland

(adresse):

G.nr. 30 Br.nr. 1.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

Opskrive etter eiga røynsle.

SVAR

1. Lynging.

A. Det vert sankt lyng endå, men det er svært lite. I far og bestefar si tid var det mykje meir. I dei siste tjuge åra har det minka av litt etterkvart. I eldre tid samla dei lyng nokso årvisst, men mest i åringar det var lite med høi og halm. Under siste verdenskrigen gjekk det helst med sellulose som attåtfor.

2. Lyngen vert sankt om hausten, vanleg i oktober og fyrst i november. I gamal tid trudde dei det var godt at lyngen fekk nokre frostnetter før han vart sankt. Det hende at dei sankt lyng lenger frampå vinteren og. Arbeidet kallar ein å "slå lyng".

3. Ein nyttar langorv og ein vanleg høiljå, helst ein som er breid og stödig. Ein god lyngljå skulde vera stiv og böygd omtrent som undre kanten av ein voggemei, sa dei fyrr i tida.

4. Lyngslått er tungt og skulde retteleg vera mannfolk-arbeid. Men det hende sakta at ~~slå lyng~~ kvinnfolka slo lyng, når det ikkje var karmannshjelp tildet.

5. Lyngen treng 4 til 5 år for å veksa til so der kan slås på nytt.

6. Ein köyrer lyngen heim på sledeföre om vinteren.

7. I eit tomt rom i löa.

8. Det var alltid kyrne, som fekk det meste av lyngen.

Sauene fækk og lyng, når det var " innestöa", det vil segja, når det var so mykje snö at dei ingenting kunde finna ute. Ein gav dyra lyngen slik han var . Ein fora aldreg med berre lyng, det var attåtfor. I naudår hende de at dyra fekk berre lyng som einaste stråforet, men det måtte berre vera for stuttare tid. Noko mål på mengda, dei ga kvart ddyr veit eg ikkje, det gjekk etter skyn, og etter mengda og kvaliteten av det andre foret, dei fekk.

9. Lyngen vert rekna omtrent som halm i forverde.

B. Lyng som beite.

1. Smalen går på lyngbeite om dagen heile vinteren, sosandt det ikkje er heilt tildekt med snö. Det hender at ein skuffar vekk söen for sauene, men det er skjeldan.

2. Kyrne slepper ein og på lyngbeite, der ein har dette noko nære. Men dette er helst berre om hausten og förevinteren og nå marka er heilt snöfri.

3. Det er vanleg på sume gardar, der beite er godt og ligg nær.

4. Ein reknar lyngen som godt fyllefor og nokre timar utegonga som godt for helsa åt dyra.

11. Mosing.

1. Sanking av mose til for er heilt ukjend her.